



SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksh.
Eidfjord formannskap	20.06.2005	095/05	BOGBJA
Eidfjord formannskap	05.09.2005	124/05	BOGBJA
Eidfjord formannskap	07.11.2005	162/05	BOGBJA
Eidfjord kommunestyre	12.12.2005	075/05	BOGBJA

Privat reguleringsplan - Åstestølen gnr.21 bnr.1 m.fl. 3.gongshandsaming

Dokument i saka:

Nr	Dok.dato	Avs./Mot.	Tittel
1	I 05.01.2005	Hardanger Consult AS	Varsel: Oppstart av planarbeid for Åstestølen, Stakseng
2	I 25.02.2005	Hardanger Consult AS	Møtereferat 24.02.05
3	I 26.04.2005	Hardanger Consult AS	Privat framlegg til reguleringsplan for Åstestølen
4	I 20.05.2005	Nils N. Sekse	Privat reguleringsplan - Åstestølen gnr. 21/1 Stakseng i Sysendalen - Uttale
6	U 15.06.2005	Bjørn Johan Stakseng	Reguleringsplan for Åstestølen - melding om synfaring
8	U 24.06.2005	Grunneigarar og rettshavarar	Utlegging av framlegg til reguleringsplan til offentlig ettersyn
9	U 24.06.2005	Fylkesmannen i Hordaland; Hordaland Fylkeskommune; Statkraft SF; Statens Vegvesen; NVE Region Vest; Indre Hardanger Kraftlag AS	Utlegging av framlegg til reguleringsplan til offentlig ettersyn
10	U 24.06.2005	BT og HF	Reguleringsplan til offentlig ettersyn
13	I 15.07.2005	Ragnhild Stakseng	Merknad til planforslag - ønske om deling av eksisterande hyttetomt
11	I 17.07.2005	Reidun Mai Nesslin Fedje	Klage på etablering av ny parkeringsplass på gnr/brn 21/109 Nedre Åstestølen
21	I 18.07.2005	Velforeningen for Åstestølen 1	Privat reguleringsplan - Åstestølen gnr. 21/1 Stakseng i Sysendalen - Uttale
12	I 19.07.2005	Mona Hammæs Christensen	Uttale til reguleringsplan for

				Åstestølen
14	I	21.07.2005	Hordaland fylkeskommune	Privat reguleringsplan - Åstestølen gnr. 21/1 Stakseng i Sysendalen - Uttale
20	I	22.07.2005	Kåre Bårtvedt	Privat reguleringsplan - Åstestølen gnr. 21/1 Stakseng i Sysendalen - Uttale
16	I	24.07.2005	Anne Marie Scisly og Svein Wegener Søreide	Privat reguleringsplan - Åstestølen gnr. 21/1 Stakseng i Sysendalen - Uttale
17	I	25.07.2005	Gert Atle Gundersen m.fl.	Privat reguleringsplan - Åstestølen gnr. 21/1 Stakseng i Sysendalen - Uttale
18	I	25.07.2005	Magne Langaker	Privat reguleringsplan - Åstestølen gnr. 21/1 Stakseng i Sysendalen - Uttale
22	I	25.07.2005	Fylkesmannen i Hordaland	Privat reguleringsplan - Åstestølen gnr. 21/1 Stakseng i Sysendalen - Uttale
15	I	27.07.2005	NVE	Privat reguleringsplan - Åstestølen gnr. 21/1 Stakseng i Sysendalen - Uttale
23	I	27.07.2005	Sjur Sekse	Privat reguleringsplan - Åstestølen gnr. 21/1 Stakseng i Sysendalen - Uttale
19	I	30.07.2005	Anny Bastesen	Privat reguleringsplan - Åstestølen gnr. 21/1 Stakseng i Sysendalen - Uttale
24	I	30.07.2005	Arve Halvorsen	Privat reguleringsplan - Åstestølen gnr. 21/1 Stakseng i Sysendalen - Uttale/spørsmål
25	I	30.07.2005	Øvre Åstestølen Hyttevel	Privat reguleringsplan - Åstestølen gnr. 21/1 Stakseng i Sysendalen - Uttale/spørsmål
26	I	03.08.2005	Bjørn Johan Stakseng	Privat reguleringsplan - Åstestølen gnr. 21/1 Stakseng i Sysendalen - uttale
27	U	11.08.2005	Hardanger Consult AS	Reguleringsplan Åstestølen - inkomne merknader
30	I	24.08.2005	Statens Vegvesen	Privat reguleringsplan - Åstestølen gnr. 21/1 Stakseng i Sysendalen - Uttale
29	X	25.08.2005		Reguleringsføresegner, framlegg ved 2.gongshandsaming
31	U	07.09.2005	Heimelshavarar som vert råka av endringar	Reguleringsplan for Åstestølen - melding til partar om endringar etter utlegging til offentlege ettersyn
34	I	27.09.2005	Nedre Åstestølen hyttevel	Klage på etablering av ny parkeringsplass på gnr/bnr 21/109 Nedre Åstestølen - merknader
32	I	29.09.2005	Peder Næsheim	Privat reguleringsplan - Åstestølen gnr. 21/1 Stakseng i Sysendalen -

33	I	29.09.2005	Reidun Mai Nesslin Fedje	Uttale Klage på etablering av ny parkeringsplass på gnr/bnr 21/109 Nedre Åstestølen - merknader
35	I	30.09.2005	Kjell Åsvang	Privat reguleringsplan - Åstestølen gnr. 21/1 Stakseng i Sysendalen - uttale

Vedlagt: Plankart, dok nr.32, 33, 34 og 35

Særutskrift skal sendast til:

Endeleg avgjerd i: Kommunestyret

Rådmannen sitt framlegg til tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslova §27-2 vert reguleringsplanen vedteken slik han var tilrådd i fsk-sak 124/05.

07.11.2005 Eidfjord formannskap

Handsaming:

Røysting:
Samrøystes tilrådd.

FSK-162/05 Tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslova §27-2 vert reguleringsplanen vedteken slik han var tilrådd i fsk-sak 124/05.

12.12.2005 Eidfjord kommunestyre

Handsaming:

Ingen

Røysting:
Samrøystes vedteke

KST-075/05 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §27-2 vert reguleringsplanen vedteken slik han var tilrådd i fsk-sak 124/05.

Saka gjeld:

Saka gjeld reguleringsplan for del av Bjørn Johan Stakseng sin eigedom gnr.21 bnr.1 på Åstestølen i Sysendalen. Planframlegget er utarbeidd av Hardanger Consult A/S.

Privat framlegg til reguleringsplan vart motteke 26.04.2005 og planutvalet vedtok, i sak FSK-095/05 den 20.06.2005, å leggja planen ut til offentleg ettersyn. Planframlegget har lege til offentleg ettersyn i tida 01.07.2005 – 31.07.2005. Planutvalet hadde planen til 2.gongshandsaming den 05.09.2005 og gjorde nokre mindre endringar. Berørte partar vart varsla om endringane og fekk frist til 01.10.2005 til å koma med merknader. Det er kome inn merknad fire merknader.

Merknad frå eigar av 21/99, Peder Næsheim:

Næsheim har merknad til at vegen som viste ned til 21/99 i planframlegget er teke ut av planen. Han viser mellom anna til at vegen er omtalt i jordskiftedom av 05.08.1969, og han protesterer sterkt mot at vegen er teken ut av planen.

Jordskiftedom i sak slutta 18.11.1969 skildrar denne vegen slik: *Veg nr.1 er veg frå Fosslivegen over gnr.21 bnr.1, bnr.2 og bnr.99 fram til grense nr.5 (grensa mellom bnr.1 og bnr.99). Vegen kan byggjast med inntil 3 meter breidd køyrebane, her til kjem turvande grøfter og skråningar. Vegen kan nyttast av bnr.1, bnr.2 og bnr.99. Veggrunnen tilhøyrer den eigedomen vegen går over. Vegen er teikna inn på kartet, men kan leggjast om dersom det vert turvande av omsyn til utparsellering.*

Etter vårt syn er denne vegen teke omsyn til i reguleringsplan stadfesta 18.05.1982. Her er det lagt inn ein gang-/traktorveg som samsvarer med veg nr.1 i jordskiftedomen. Reguleringsarbeida som enno ikkje er igangsett for 21/99 må avklara korleis tilkomst til dette området skal løysast. Eitt alternativ vil vera bilveg fram til 21/99, medan eitt anna vil vera at eigar av 21/99 må sikra seg parkering utanfor 21/99 og at det kun vert anleggsveg som må tilbakeførast til gangveg etter utbygging. Me meiner at dette ikkje

Merknad frå eigar av 21/215, Reidun Mai Nesslin Fedje:

Nesslin Fedje lister ei rad argument mot avkjøring/ tilkomstveg til 21/109. Denne vegen var opparbeidd utan løyve, og utan at nabovarsel var sendt. Nesslin beklagar at ein ulovleg bygt veg til sjenanse for andre vert teken inn i planen. Ho meiner vegen må snevrast inn med 3 meter for å samsvara med plankartet.

Nesslin peiker på at vegen er lagt på tomte sitt høgste punkt og at ho i merknad til byggjesak har vist to alternative vegar som vil vera betre for hennar eigedom.

Merknad frå Nedre Åstestølen hytteveit:

Hytteveit har om lag same syn som Nesslin på avkjøring/ tilkomstveg til 21/109. Det var hytteveit som frå starten ynskje at 21/109 flytta si parkering, men dei ynskjer ikkje avkjøringa der den no er plassert.

Merknad frå eigar av 21/235, Kjell Åsvang:

Åsvang ynskjer at 21/109 får anna parkering enn ved Fosslivegen, og at kommunen tek omsyn til at plassen vert til mindre sjenanse for Nesslin.

Me har i saka for planutvalet den 05.09.2005 gjort greie for den omtalte avkjøringa/tilkomsten til 21/109:

21/109 vart etablert lenge før Nedre Åstestølen hyttefelt vart regulert. Tomta grenser til Fosslivegen og har hatt parkering i vegkanten av Fosslivegen ved innkjøring til parkeringsplassen til Nedre Åstestølen. Med den trafikk som er på Fosslivegen no er det ynskjeleg å redusera talet på avkjørsler. Sidan 21/109 har hatt høve til parkering på eiga tomt syns me det er rimeleg at dei ved flytting av parkeringsplass får høve til å opparbeida veg og parkeringsplass på tomta. Arbeidet er som klagar påpeiker allereie utført. Me har vore på synfaring saman med klagar, Bjørn Johan Stakseng og eigar av 21/109, Svein Inge Øvretveit. Øvretveit er innforstått med at vegarealet inn til tomta bør smalnast inn med ca 1 meter på vestsida av avkjøringa. Han er også innstilt på å opparbeida parkeringsplassen slik at bilane kan stå nord for hytta på 21/109, slik at dei ikkje står i vegen for utsikta frå 21/215.

Til tross for merknadene meiner framleis at dette er ei forsvarleg løysing. Me er samd med Nesslin i at innsnevringa av avkjøringa må vera meir enn 1 meter for å bli i samsvar med plankartet. Når biloppstillingsplassane vert lagt slik at dei ikkje kjem meir i utsikt for 21/215 enn hytta på 21/109 og avkjøringa vert snevra inn slik reguleringskartet viser, meiner me at både trafikktryggleik, eigar, hyttevel og nabo sine interesser vert ivareteke.

Konklusjon:

Me tilrår at reguleringsplanen vert vedteken slik den vart tilrådd av planutvalet den 05.09.2005.

Erik Sandvik
Rådmann

Bjarne Boge
sakshandsamar